

Til deg det kan vere aktuelt for

Dykkar ref.

Vår ref.
26/17866

Arkivkode
C11 &70

Dato
07.05.2026

Invitasjon til aktivitetsgruppe skuleåret 2026 - 27. Søknadsfrist 31. mai

Treng ungdomen din litt ekstra?
Hå kulturtorg inviterer til ei ny aktivitetsgruppe.

Vi vil starte eit nytt tilbod for deg i 5. til 10. klasse som kan ha utfordringar med det sosiale. Vi tilbyr tilrettelagte fritid – kjekke aktivitetar etter skuletid, med litt mat.

Kven er dette meint for?

Det er for deg som har lite anna å gå på og vil prøve varierte aktivitetar. Grappa er for deg som trivst best saman med få, på grunn av nedsett funksjonsevne eller sosiale behov. Du kan ha utfordringar knytta til t.d. psykisk helse Asperger, ADHD eller Tourettes. Kanskje kan du få nye venner?

Her er tett oppfølging og me ønskjer å vere eit trygt alternativ til større grupper. Det blir to leiarar i grappa.

NY GRUPPEAKTIVITET

Dag og tid må me kome tilbake til, men ønskjer søknadar velkomne nå. Vi tenker å starte etter skuletid, og vere saman frå kl 1430 til 1630.



Du får prøve mange ulike aktivitetar. Me bestemmer innhald og aktivitet i lag.

Me startar som regel med eit lett måltid.

Me kan dra på turar, fiske krabbar, besøke Vitengarden, spele spel og musikk, dra på Skyland, bowle og gjer mykje anna spennande.

Kvar: Møt på Hå kulturtorg på Nærbø

Tilbodet har maks 8 plassar. Difor treng me **PÅMELDING** til Hå kulturtorg **innan 31. mai**.

Deltakaravgift på kr. 900,- i halvåret går mellom anna til mat, aktivitetsmateriell og transport.

Fleire utgifter? Av og til gjer me noko som kostar ekstra, som bowling eller ein tur på Skyland. I så fall får foreldra beskjed i forkant.

Foto / film. Det kan vera nyttig å fotografere / filme aktivitet. Kryss av på søknadsskjemaet om dette er OK.

Postadresse:
Torlandsvegen 14
4365 Nærbø

Kontoradresse:
Torlandsvegen 14
4365 Nærbø

Internett:
www.ha.no/kulturtorget
post.kulturtorget@ha.kommune.no

Telefon:
51 79 35 30

Telefaks:

Org.nr.
964969590

Er du usikker på om dette kan vere noko for deg? Me blir glade om du tar kontakt.
Ring oss gjerne på tlf. 476 51 190.

Sjå også: <https://www.ha.no/tilrettelagt-fritid/>

Vi tar atterhald om mange nok søkarar til å sette i gang.

Kjenner du andre som burde sett dette brevet, så del gjerne.

Med helsing

Hå kommune

Andreas Austrheim
Leiar

Per Henry Runde

Vedlegg:

søknadsskjema

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur

